



Det må vera ein naturleg målsettjing å få snekka klar neste år seier Ole Kristoffer Vågen som no har starta restaureringa av snekka til Ørnulf Myklebust på Neset.

I dag kom han attende med den spesielle båten frå Skorpo etter å ha bora hol for propellakslingane og neste steg er at propellane kjem på plass. Det skal eit firma på Husnes ta seg av..

Nils Myklebust kjøpte Arendalsnekka på Sunde og laga også eit overbygg på ho. Det har Ørnulf teke av og han kjem ikkje til å lage noko nytt overbygg.

Båten som vart nytta til ålefiske kjem til å vera open i sitt neste liv - slik han opprinneleg var, opplysar Ørnulf, som på biletet over bukserar snekka mot naustet. Til høgre ligg båten til Ole Kristoffer Vågen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen